

---

Saksnr: 2020/49803-7  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda		28.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

**Val av setjemedlem til folkevalde organ**

Forslag til innstilling

1. Som setjemedlem i fylkesutvalet, finansutvalet, planutvalet og fylkesvalstyret vert vald: Alfred Bjørlo (V)
2. Som setjemedlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering vert vald: Geir Kjell Andersland (V)
3. Som setjemedlem i hovudutval for næring vert vald: Tom Hiis Bergh (V)

Samandrag

I samband med tidlegare innvilga fritakssøknader for Gunhild Berge Stang (V) og Alfred Bjørlo (V), har det i saksframlegga vore ein premiss at første vara har rykka opp til møtande medlem i organa fritakssøknadene gjaldt. Fylkesrådmannen ser at fylkestinget formelt burde gjort val av setjemedlem til desse organa, og legg med denne saka til rette for at fylkestinget gjer slike val.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I samband med tidlegare innvilga fritakssøknader for Gunhild Berge Stang (V) og Alfred Bjørlo (V), har det i saksframlegga vore ein premiss at første vara har rykka opp til møtande medlem i organa fritakssøknadene gjaldt. Fylkesrådmannen ser at han i desse sakene burde lagt til rette for at setjemedlem formelt vart vald av fylkestinget, då fritaka har varigheit ut over 3 månader.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget vel setjemedlem til folkevalde organ, jf. kommunelova § 7-10 (2).

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Gunhild Berge Stang vart i sak PS 31/20 i fylkestinget 12. mai innvilga midlertidig fritak frå alle sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld så lenge ho er statssekretær.

I saksframlegget vart lagt til grunn at Alfred Bjørlo (V) *rykka opp som fast møtande medlem* i fylkesutvalet, finansutvalet, planutvalet og fylkesvalstyret. Formelt sett burde Bjørlo vore vald inn som setjemedlem i desse organa, jf. kommunelova § 7-10 (2):

«Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.»

Formelt sett burde Tom Hiis Bergh (V) (som første vara) vore vald inn som setjemedlem i hovudutval for næring, jf. kommunelova § 7-10 (2).

I sak PS 75/20 i fylkestinget 9. juni vart Bjørlo innvilga fritak frå sitt verv som medlem/nestleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering. Formelt sett burde Geir-Kjell Andersland (V) vore vald inn som setjemedlem i hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. kommunelova § 7-10 (2).

Det vart i same sak (PS 75/20) gjort suppleringsval av midlertidige varamedlem til dei organa hvor Berge Stang/Bjørlo hadde fått fritak.

Arbeidsutvalet som er nedsett for å revidere reglement for folkevalde organ og delegering, har tilrådd at planutvalet vert lagt ned. Val av setjemedlem til planutvalet er for ordens skuld teke med i innstillingspunkt 1 i saksframlegget her, for det tilfelle at fylkestinget tek avgjerd om at planutvalet held fram.

Eventuelt val av midlertidig nestleiar til hovudutval for kultur, idrett og integrering, er ikkje del av denne saka. Sjå eiga sak.

### Konklusjon

Fylkestinget gjer val av setjemedlem som det går fram av saksframlegget.